



Møterferat: Arsmøte i Sykkøy Grendalag 2026

Dato: 03.03.2026 kl. 19:00

Til stades: 17 medlemmar inkludert styre og valgkomite

Sak 1/2: Åpning av årsmøtet v/styreleder samt godkjenning av innkalling og sakliste

- Camilla åpna møte og ynskte alle velkommen. Innkalling og sakliste blei godkjent

Sak: 3 Valg av møteiar og referent

- Møteiar: Camilla lanke
- Referent: Svein Syttøy

Sak 4: Valg av 2 representantar til å underskriva referatet

- Elisabeth Engum og Lars Atle Lillebø
- Camilla gjekk kjøpt gjennom dei viktigaste paragrafane i vedtektene som gjeld for årsmøtet (stemmerett mm)

Sak 5: Framlegging og godkjenning av årsmelding 2025

- Dei viktigaste punkta frå årsmeldinga vart gjennomgått
- Generelt: Høg aktivitet og imponerende dugnadsvilje.
- Eit av dei største prosjekta har vore utskifting av kledding, stendere og dører på utebod. Her gjenstår det i hovudsak å oppgradera golv i vestre del og måla den nye kleddingen
- Det er laga ny inngang til toalett frå gangen, bytte/tetting i forbindelse med lekasje i ventilasjonsheite på taket, rydding i forbindelse med uteboden og ellers rundt huset (leigde kontainer).
- Av arrangement kan nevast nabotreff, Yoga, Quiz, plantemarked, akvarell kurs, sarkans feiring, høstmesse, adventskafe og diverse idrettslege aktivitetar.
- Styret takka for innsatsen til alle som har bidratt.
- Info: I forbindelse med endring av inngang til toalett er hjertestarter flytta til toalettet på nord/vestre hjørne (inngang frå utsida), med kodelas og kode som før.

Arsmeldinga blei godkjent ved akklamasjon

Sak 6: Årsregnskap for 2025

- Revidert regnskap blei gjennomgått av kasserar. Litt under på ein del postar men over på andre. Adventskaféen er, som tidlegare, den største inntektskjelda og det blei eit sær godt resultat med eit overskudd på ca. 84,000.-
 - God utleiige med inntøker rundt 55,000.-
 - Vedlikehold grendahus, uthus og eigedom: 247,000 versus 175,000 budsjettet. Mykje av denne overskriftelsen skyldast utskifting/taktekking av/ved den gamle takhetta.
- Vedtak: Regnskapet blei godkjent som fremlagt.

Sak 7: Budsjett for 2026

- Det er ikkje avsett øremerka midlar til å oppgradera uteområdet. Styret har ikkje fått fulgt opp dette arbeidet pga. høg aktivitet på andre ting. Planen er å jobbe fram eit forslag som eventuelt vil bli lagt fram ved neste årsmøte. Det er viktig at folk melder inn forslag, foreløpig er det 3-4 personar som har meldt interesse for å vera med i arbeidsgruppa.
- Styret må vurderer korleis ein kan utbedra den bratte kanten på nordvestre hjørnet, her kan bilar få skade både pga. bratt helning og grop i vegen. Budsjettet har allerede dekning for ei slik «utbedring» (posten for vedlikehold grendahus, uthus og eigedom totalt 60,000.-)
- Det vert ikkje arrangert høstmesse i år med mindre det melder seg nye «ildsjeler» som kan føra initiativet vidare. Årsmøtet vedtok å behalda posten i budsjettet til det eventuelt blir avklart om nokon vil påta seg arbeidet.
- Ein del diskusjon om midlar til oppgradering av postkasse stativ skulle overførast til vedlikeholds budsjettet nevt over, men endeleg avgjerd blei at posten blir ståande med 10,000.-
- Medlemskontingenten blir ståande som før.
- Det er satt av 100,000- til oppgradering av kjøkkenrom

- Vedtak: Framlegg til budsjett for 2026 blei godkjent utan endringar.

Sak 8: Innkomne forslag

- Det var ingen forhåndsmeldte saker til årsmøtet

Sak 9: Valg til nytt styre

- Forslaget til nye styremedlemmer var godkjent som foreslått frå valgkomiteen:
- Heidi og Camilla var ikkje på valg
- Egil Helgesen / Gjenvalgt
- Ove Geir Stusdal / Gjenvalgt

10. Eventuelt

- Nytt styremedlem: Elisabeth Engum
- Leif Storesund (vara) / Gjenvallgt
- My vara repr.: Conrado Andre Fernandez
- Revisor: Jostein Jakobsen / Gjenvallgt
- Valgkomité: Leif Gunnar Vindenes og Svein Syltøy

Syltøy og Øyane allidrettslag. Skjalag Brun, som er både initiativtakar og leiar, informerte årsmøtet om diverse pågåande og planlagte aktivitetar samt kursing for store og små medlemmer. Her er det plass til fleire.

Utbetring av snuplassen – prioritert sak for styret

Mange er misnøgde med reparasjonen som vegvesenet har utført på snuplassen. Ein del kantsteinar er fjerna og det er lagt asfalt rundt kanten på deler av «rundingen». Styret blei oppfordra til å ta dette opp med vegvesenet for evt. å få den tilbakestilt til slik den var før. Det er også eit ynskje frå medlemmene at den gamle båten blir fjerna og den nye kjem på plass snarast.

Postkasse stativ - Dette punktet frå i fjor blei teke opp igjen som ei sak. Det er som nevnt satt av pengar i budsjettet (kr 10000) om nokon vil gjera ein innsats i eige nærrområde.

Grendalaget vil vera med og kosta materiell til oppgradering, men arbeidet må utførast på dugnad av dei einiskilde husstandane som nyttar det enkelte stativet. Det er ein forutsetning at det blir på samme «mal» som vi allerede har.


Forslag om andre aktivitetar: bingo, spillkveld, førstehjelpskurs... 10 meldte interesse for HLR-kurs på årsmøtet. Det nye styret oppfordres til å finna nye aktivitetar for medlemmer, også aldersgruppen som ikkje er «barn og unge».

Reinhold grendahuset:

Oppføring til alle brukara av huset om å vaska etter seg. Dette er ofte eit problem når vi skal leiga ut av spesielt golvet ikkje er reint.

Elisabeth Engum

Signatur:



Lars Atle Lillebø

Signatur:

